

## Den nye leiaren i idrettslaget: - Foreldra må stilla opp!

16.02.2009



Den nye leiaren av idrettslaget, Eli Eiane Klyve, saman med gode støttespelarar. Ho sit som nummer to frå høgre. Til høgre for henne sit Hege Lekva og til venstre nestleiar Bjørn Olav Tveit. Lengst til venstre Ole Vidar Monsen. Bak avtroppande leiar Michael Røssland, (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Idrettslaget har fått ny leiar og folk som kjenner Eli Eiane Klyve godt seier til uskedalen.no at det var eit svært godt val. Litt motstrebande var ho då ho vart lansert på årsmøtet, men til slutt gav ho etter og fekk klappssalvar frå forsamlinga med på kjøpet!**

**No kvitterar ho med å oppmoda foreldra til å ta sin tørn når dei har born som er aktive.**



- Vi har eit godt idrettslag, seier den nye leiaren. Ikkje minst turngruppa driv godt. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Men kven er så eigentleg den nye leiaren? Det vi veit på førehand er at ho er at ho er frå Herøysund og mor til to på tre og seks år, at ho er prosjektingeniør i tekniske tenester i kommunen og at ho sat som styremedlem og styreleiar i det nyeste Aktivitetshuset i ein periode på tilsaman to år..

Eli fekk ingeniørutdanninga si i Bergen og var eit halvt år på Harding etterpå. Så var ho ingeniør i offshore-bransjen på ymse stader, også i Oslo. No har ho vore i Kvinnherad kommune i 11 år der ho syslar mest med utbygging og vedlikehald av kommunale bygg.

- Har du også ein idrettskarriere å sjå tilbake på?

- Ja, det har eg, eg var aktiv i friidrett i idrettslaget heime – eller nærare bestemt sprint, stille høgde og stille lengde. Og eg sette lagsrekord på 60 meter hekk! Seinare har eg spela volleyball i tre år i Trio, opplyser Eli som har vore styremedlem i vårt idrettslag det siste året.

Tidlegare var ho innom økonominemnda, som ikkje eksisterer lenger.

- Og hva er målsetjinga for den nye leiaren?

- Eg har visse idear om nye aktiviteter og økonomitiltak, men dei vil eg drøfta med det nye styret før eg går offentleg ut med dei.

- Du sa ikkje ja til leiarjobben med ein gong....

- Eg var litt betenkt, men nokon måtte jo ta han hvis vi ikkje skulle bli ståande utan leiar etter årsmøtet.

Og når eg først har sagt ja, er det i høgste grad med optimisme eg går til vervet fordi Aktivitetshuset no er ferdig og fordi vi har eit godt idrettslag med mange gode støttespelarar.

Eg tenkjer ikkje minst på dei som er trenarar og leiarar av gruppene.

Eigentleg går laget godt av seg sjølv!

Men ikkje misforstå – eg går til oppgåva med audmjukheit og i vissheit om at ho blir krevjande, seier den nye leiaren.

Av Ola Matti Mathisen